


Nytt tilbod: Får videominna fram frå skuffa!!

10.06.2012



Innhaldet på kassettane Aleksander har i høgre handa skal overførast til DVD`ane han har i venstre hand.

Mange har nok gode og kjære videominne liggjande i skuffer og skap, men manglar utstyr som skal til for å få sett dei gamle kassettane med opptak. No kan vi enkelt og greitt få gjort noko med dette; - og det utan å sende det ut av bygda. Aleksander Rebaudo har investert i utstyr til få overført filminnhaldet frå ulike format og over på DVD`ar av profesjonell kvalitet.

Aleksander har alt drive med videoproduksjon gjennom selskapet sitt Redforest Production i eit par år. Dette vil han halde fram med, men no har han utvida tilboden. Gjennom underavdelinga Redforest Digitalisering kan han med nyinnkjøpt utstyr lage Dvd`ar av profesjonell kvalitet av gamle videoopptak av ulike format.

- Eg har no utstyr til å overføre opptak frå Hi8/video8, VHS, VHS-c og mini-DV til DVD. Desse er sjølv sagt medskikkeleg cover og omslag, fortel den unge videomannen.

Han fortel vidare at han er rimeleg på pris, og han ser det som ein stor fordel at folk no slepp å sende verdfulle minne ut av bygda.

- Eg har stor tru på at det er marknad for dette tilbodet, for det er nok mange som har opptak m.a. frå borna varsmå liggjande. Dei som vil få desse fram i lyset må berre ta kontakt så kan vi gjera ein avtale, seier den unge og optimistiske grûnderen. Han legg til at all aktuell kontaktinformasjon er å finna på nettsida www.redforest.no.

Eg trur tilbodet Aleksander no lanserer er svært kjærkome. Mange er nok glad for at dei no skal få fram filmane dei ofte har tenkt på, men ikkje fått sett.

Eg håpar og trur den driftige ungdommen får mykje å gjera til glede for mange!

Av: Thor Inge Døssland